

# ÅRSMELDING 2022

## ALPINGRUPPA

### Styret i alpingruppa har vore samansett slik :

Anders Engeland	-	Leiar
Mari Janne Henden	-	Styremedlem
Øystein Lødøen	-	Styremedlem
Marianne Kjørstad	-	Styremedlem
Peder Felde	-	Styremedlem

### Møteaktivitetar :

Alpingruppa har i 2022 hatt 1 fysisk styremøte. Her vart vi einige om vi fortset vidare framover med det styret vi har i dag, men med redusert aktivitet. Alternativet ville vere at vi måtte avvikle og legge ned alpingruppa i Haugen IL. Vi vil fortsette å ta på oss kretsrenn og arrangere Telenorrenn for å prøve å halde oppe alpininteressa og gjennom det satse på å få nyrekruttering. Vi vil også i lag med skisenteret arrangere nybyrjarkveldar for vaksne

Leiar deltek på møter med dei andre gruppeleiarane i lag med hovedstyret . Leiar møter på både vår og haustmøtet til skikrinsen. Leiar er og valgt inn styret til Sogn og Fjordane skikrins.

### Aktivitetar på ski :

2022 vart eit meir normalt år enn dei to føregåande. Vi arrangerte 4 renn i Telenor-karusellen.

Vi tok imot og aktiviserte Eid IL si allidrettsgruppe 4 kveldar. Det var mellom 20-30 barn pr. kveld.

5. og 6. mars 2022 hadde vi treningssamling og KM i Super G (SG) og Super Combinasjonen (SC).









I Super G fekk vi 3 kretsmeisterar ; Julia Felde J16, Jan Henden Rand Jr.I og Ivar Engeland i Jr. II.






I Super Combinasjonen fekk vi to kretsmeisterar: Julia Felde J16 og Johan Felde i Jr.I.

### Aktive:

Ved utgangen av 2022 har vi 2 aktive løparar :

Trym Dalset Lødøen sine resultat for 2022 :

<u>Dato</u>	<u>Res.</u>	<u>Løpsarrangement</u>	<u>Type</u>	<u>Poeng</u>
02/04/22	3	 Norges NM 2022 - Dynafit Romsdal Rando	Individuelt løp	10
27/03/22	1	 NM 2022	Individuelt løp	-
26.03.22	3	 NM 2022 - Randonee Myrkdalen	Sprintløp	15
27/02/22	1	 Norges Landscup 2022 - Kårvatn Skimo	Vertikal rase	-
26/02/22	1	 Norges Landscup 2022 - Kårvatn Skimo	Individuelt løp	-
13/02/22	7	 ISMF EM 2022 - Boí Taüll	Stafett	-
10/02/22	7	 ISMF EM 2022 - Boí Taüll	Vertikal rase	-
09/02/22	16	 	Sprintløp	-

<u>Dato</u>	<u>Res.</u>	<u>Løpsarrangement</u>	<u>Type</u>	<u>Poeng</u>
05/02/22	9	 ISMF EM 2022 - Boí Taüll	Sprintløp	-
03/02/22	1	 ISMF verdensmesterskap 2022 - Valtellina Orobie	Individuelt løp	-
29/01/22	16	 ISMF verdensmesterskap 2022 - Valtellina Orobie	Individuelt løp	-
27.01.22	15	 ISMF verdensmesterskap 2022 - Region Dents du Midi	Sprintløp	-
15.01.22	1	 Norges Landscup 2022 - Randonee Trondheim Randoneeklubb	Vertikal rase	-

Andrine Mårstøl. Sesongen 2022 har ho følgende resultat i E-Cup/FIS og NM :

13 slalomstartar med 3 andre plassar, 4 tredjeplasser

15 storslalomstartar med 3 fyrsteplassar, 3 andre plassar, 2 tredjeplassar og to topp 10 plasseringar

3 super G startar med ein tredjeplass og ein topp 10 plassering.

Vi satsar på at ho snart er å sjå i World Cup.

Jan Henden Rand la opp våren 2022 .

Julia Felde. Ho la opp våren 2022. Hadde ikkje lenger inspirasjon til å forsette åleine. Satsar no vidare innan fotball.

Vi har ikkje gjett opp, og satsar vidare, og håpar på aukande rekruttering til alpingsporten i åra framover.

#### **Andre aktivitetar :**

Dugnadar : Malakoff er den største inntektskjelda til alpingruppa. Vi vert færre og færre i alpingruppa, Det er dei «gamle» som er igjen, og det må vi ta hensyn til. Vi har gjett beskjed til Malakoff. at for 2023 kan vi ikkje ta på oss så mykje arbeid som vi har hatt fram til no.

Dugnadsprosjekt nr. 2 er Harpefossen skisenter. For dette arbeidet får dei aller fleste medlemmane i alpingruppa gratis familiekort i skiheisane og sesongkort for parkering.

Vi vil også i år takke skisenteret for det gode samarbeidet.

07.mars 2023

For Alpingruppa

Anders Engeland

Leiar